

BOKN BYGÐABLAD

NR. 8 - OKTOBER 1991 - ÅRG. 6

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

KVINNENE TAPTE VALET I BOKN

Austre Bokn får mange i det nye kommunestyret

Kor vidt dette at berre 2 kvinner vart valde inn i det nye kommunestyret vil få betydning for den politikken som skal førast dei første 4 åra, står att å sjå. Det har sjølsagt mykje å seia kva dei mennene som er valde inn vil satsa på. Ein del av dei er nye, og har ikkje i politikken vist kva dei står for.

Ein ting er i alle fall sikkert: Bokn kommune står framføre store utfordringar dei komande åra, og det krevst politikarar med initiativ og pågangsmot for å møta dei utfordringane kommunen står ovafor.

Av i alt 547 med røysterett røysta 387 til fylkestinget og 400 til kommunevalet. Dette utgjer 70% og 73%, dvs. ca. 1 % nedgang i valdeltakinga frå kommune- og fylkestingsvalet for 4 år sidan.

Det mest skuffande var at kvinneandelen gjekk ned frå 6 i dag til 2 i det nye kommunestyret. Ein er såleis tilbake til situasjonen i perioden 1984 - 1987 kor det også berre var 2 kvinner i kommunestyret.

Valutfallet likna elles mykje på tendensen elles i landet ved at Senterpartiet hadde framgang. I Bokn hadde både Ap og H noko tilbakegang, medan Kr.f. gjekk litt fram.

I tillegg til at så mange kvinner fall ut ved valet i Bokn, kan ein også leggja merke til at av Senterpartiet sine 8 kandidatar, kjem heile 5 frå Austre Bokn. I høve til folketalet vil såleis Austre Bokn bli svært godt representert i det nye kommunestyret med i alt 6 representantar av 17.

Senterpartiet tok eitt nytt mandat, medan Arbeidarpartiet mista eitt. Høgre og Kr.f. fekk like mange som sist.

Ordførar Leif Vatnaland fekk også denne gongen brei oppslutnad. Han fekk 276 røyster som er 71 fleire enn den nest beste.

Til fylkestinget vart dei 387 røystene fordelt slik:
Ap:50, H:63, Kr.f:62, Sp:134,
Frp:23, RV:3, V:9, Pensj.p:18,
SV:18, Fedr.p:6, Miljøp.
De Grønne:1.

Til kommunestyret vart fordelinga slik: (resultatet for 4 år sidan i parentes)
Ap:74(83), H:84(102),
Kr.f:63(57), Sp:179(156).

Etter oppteljing av kumulering og stryking var unnagjort vart fordelinga slik til kommunestyret:
Ap: 3 representantar, H: 4
representantar, Kr.f: 2
representantar og Sp: 8
representantar.

Desse kjem med i kommunestyret i Bokn for perioden 1992 - 1995:

DET NORSKE ARBEIDARPARTI

1.Birger Lindanger	125 r.
2.Ove Alvestad	122 r.
3.Gunnar Bokneberg	87 r.

HØGRE

1.Gunn A. Grønnestad	123 r.
2.Svein O.Alvestad	110 r.
3.Dag Idar Jøsang	100 r.
4.Finn Erik Drange	96 r.

KRISTELEG FOLKEPARTI

1.Sigurd J. Svendsen	87 r.
2.Sverre Øvrebø	75 r.

SENTERPARTIET

1.Leif Vatnaland	276 r.
2.Bernhard Våge	205 r.
3.Thor Jøsang	202 r.
4.Sigvart Våga	200 r.
5.Trond Nedrebø	192 r.
6.Anne Marie Medhaug	188 r.
7.Bjarte Kro	184 r.
8.Johannes Nilssen	180 r.

Det står nå att konstituering av gruppene i kommunestyret, val av formannskap, hovudutval og andre nemnder. I vårt nåverande formannskap har Sp 2, H 2 og Ap 1.

Formannskapet vert vald av kommunestyret, og dersom ein legg den matematiske fordelinga til grunn, utan samarbeid mellom partia, vil Sp få 3, H og Ap 1 kvar.

Kr.f. med berre 2 representantar i kommunestyret vil ikkje åleine få nokon i formannskapet.

Men dette er teori.

I praksis er det nok ikkje utenkylog at ein kan enda opp med same konstellasjon i formannskapet som i dag, med 2 til Sp, 1 til Ap og 2 til H. Men dette er berre gissing. H må ha støtte frå Sp eller Kr.f. for å få inn sitt andre medlem, og Kr.f. er vel sjøl interessaert i eit formannskapsmedlem. I så tilfelle må dei ha støtte frå H eller Sp.

Så mulighetene er mange. Verken H eller Kr.f. kan åleine greia det siste medlemmet i formannskapet, men må ha hjelp.

Det er også ein teoretisk sjanse for at Sp kunne få det siste medlemmet, men det vil nok verka urimeleg at dei skulle ha reint fleirtal i formannskapet.

Etter at dette er skrive, er Bygdabladet dei siste dagane kjent med at det pågår drøftingar om heilt nye konstellasjonar/samarbeid.

Det har vore på tale samarbeid Ap/H/Kr.f. og Sp/Kr.f. Kven skulle trudd det?

Ei avklaring må nok snart koma.

4290 BOKN**FRÅ 1.NOVEMBER 1991**

Frå Haugesund postkontor har Bygdabladet fått opplyst at postkontoret i Bokn skiftar namn frå 1.november 1991. Då er det slutt på 4290 Føresvik, og 4290 BOKN er det som skal brukast frå denne datoен.

KONGESTEINEN FERDIG

Den store steinen ved ferjeleiet i Arsvågen som Kong Harald skreiv namnet sitt på, er nå ferdig med hensyn til uthogginga av det namnetrekket Kong Harald skreiv den 26. juni i år. Uthogginga av namnet er utført av Vestlandske Steinindustri i Haugesund.

DU HENDELSE FOR EIN SUMAR

I siste bygdabla' såg eg at dei i fyrste klassane hadde skrive om korleis dei hadde hatt det i sumar. Det var gildt å lesa. Nå skal de få høyra korleis eg som er gamal har hatt det.

For det fyrsta så har eg vore så glad for det fina veret. Det har vore nett slik som eg hugsa det frå eg var liten unge og sprang berrføtt frå 17. mai og til etter "Podatagje", og det var sist i september.

For meg tok sumaren til i slutten av april for då tok "Turbussane" til å koma. Fylgja dei rundt og visa dei Bokn og fortelja om den fine heimbygda vår, det fekk eg gjera. Det var helst eldre folk, og dei kom frå Haugesund, Karmøy, Nedstrand, Etne, Sveio, Skånevik, Åkra, Vea, Ombo. Handikapplag frå Haugesund, fruene i Skipperforeningen i Haugesund, pasientar frå sjukeheimen i Tysvær og Karmsund folkemuseumsmedlemer sin kveldstur. Middag og kaffi hadde dei fleste på det nye Bokn bedehus, og nokon var på Allrommet. Det dei ikkje fekk høyrapå rundturen, det fortalte eg når me åt, og så måtte dei få spørja. Der er alltid nokon som har både slekt og vener. To gonger har me vore på Boknafjellet og det er nå ekstra festleg, når det er klårt og fint. Dei fleste ser heim då. Alle har vore på Are, men det var før anlegget var ferdig. Alle ville koma att når kongen kom. Dei var der sikkert.

Den 26.juni, ja, det var vel ein merkedag i Bokn si soga. Aldri går den dagen meg or minnet, sjølv om eg stod langt bak. Flagga, musikken, songen, Kong Harald og Kronprins Haakon på besøk. Og du Olaug. Takk for den fine prologen. Det var det reine

Kvad som sa alt for oss Boknarar.

På den spegelblanke fjorden låg Kongeskipet med to vaktbåtar, den majestetiske storferja "Stamveien" Inga "Gullhøna" det nei, og mange småbåtar. Det var det reine eventyr å sjå.

Fest veka til ende, og tenk - eg gamle menneske fekk vera med på Firebruermarsjen. Det var nå ikkje ratt den lengste stubben eg gjekk. Men, eg sit nå med medalje.

Me i "Pensjonisten" hadde dagstur til Ålgård med besøk i Kongeparken og vidare besøk på oljebasen Philips i Tananger. Me måtte ut å prøva ferjå frå Are. Allatidars. Spegelblanke fjord og steikande solskinn. Sidan har me sju stk. vore med Sola pensjonistlag på fem dagars tur til Tønsberg. Norges eldste by. På turen bort var me innom Astrid Gjertsen sin Naturhage til omvisning og hageselskap. Det var storveis og me kosa oss kongeleg med heimebaka kaker, boller og kaffi.

"Grand" heitte hotellet me budde på. Elles så hadde me ein dagstur til Strømstad i Sverige. Siste dagen var me ein tur til Slottsfjellet, i ruinene etter ei gammal Borg. Også tur Tjømø rundt, ja heilt til Verdens ende, som det heitte der.

Ein fin fin heimtur over Haukeli og til Hovden, der me overnatta. Ned Setesdalen med besøk i ei gammal fin Sølvsmie. Gjennom Gloppedalen og kom til Høg-Jæren. Då kjende me oss att og var mest heime. På Sola takka me for laget, fekk drosje og nådde ferjå til Are kl. 8. Så var me heime i gode gamle Bokn.

- Og sidan, alle dei fine solkinnsdagane me har hatt. - "Du hendelse for ein sumar".

FORLIS I ØSTERSJØEN

Etter mange år i fart på Østen og Syd Amerika kom eg over i meir heimslege farvatn. Eg mønstra på M/S "Joselin" av Oslo 11.juni 1965. Me gjekk i Nordsjø- og Østersjø-fart. "Joselin" var ingen stor båt. Den var på ca. 2100 tonn D.W. Det var 12 manns besetning.

Det forliset som eg skal fortelja om, fant stad i Østersjøen. Me hadde vore i Luleå og lossa ilmenitt til jernverket der. Isen oppover til Luleå var nesten meteren tjukk. Det var ein stor isbrytar som heitte "Odin" som gjekk framfor oss oppover til Luleå.

Då me hadde lossa lasta var det ca. 32 minusgrader. Me var siste båt som gjekk ut før dei stengde hamna for vinteren. Turen gjekk i ballast til Storungs i Gotland. Me lasta kalkstein for Helsingborg og gjekk ut i åtte-tida på kvelden. Me passerte Stora Kalsøy kl. 00.30. Eg fekk avløysing kl. 02.00. Kl. 02.40 hende det noko. Eg vakna av at alt ramla av bordet i lugaren min. Det tok eg ikkje noko notis av. Men til slutt heldt eg på å ramla ut av køya. Då forstod eg at det var alvor. Lugardøra stod nesten rett opp. Det var så vidt eg kom meg ut av lugaren. Eg fekk ikkje til å finna klær, for båten krengde meir og meir over til styrbord. Eg kom meg opp på brua berrføtt og i bare underbuksa. På brua var det full forvirring. Det gjekk så fort at ein fekk ikkje senda ut nødsignal. Det var rundt 12 minusgrader. Det var vanskeleg å få ut ein av livbåtane, daviter og alt var tilfrose. Vinden var OSO, 3-4.

Då me var komne i livbåten mangla me ein mann. Det var

uråd å koma ombord i skipet att og leita, men til slutt kom han. Han hoppa fra slingrekjølen og ned i livbåten. Kl. 02.55 la skipet seg over til 90 grader. Lyset gjekk, og båten forsvant. Det var å koma seg vekk frå dragsuget så fort som muleg. Så tynnkledd som eg var, vart det svært kaldt. Dei som hadde hatt vakt var godt kledd. Dei som hadde vore på vakta mi sat i messa. Dei var ikkje gått til køys.

Det som berga oss var at me ikkje kom i sjøen. Me rodde under vinden, raketter og blålys blei brukt så lenge dei varte. Livbåten blei rodd med 2 par årar. Eg for min del kunne ikkje vera med og ro. Me som var dårlegast kledd var under presenning. Eg fekk ein tynn genser av ein annan til å ha på meg. Eg fraus fast i tofta, fekk eit stort frostsår etter det.

Me kom til land ved Høgby Fyr på Øland. Isen låg ca. 1 n. mil frå land. Det var uråd å koma lenger med livbåten. Det var eit iskledd skjær me kom oss oppå, og der var det mykje kaldare enn i livbåten med kald austavind. Me hengde opp ei presenning for vinden, men det var til lita hjelp. Me tok då alt som var brennbart i livbåten og sette fyr på. Litt mat hadde me frå livbåten.

Klokka var ca. 11.00 då me kom til skjæret. Me blei observert frå land, og redninga kom ikkje i gang før kl. 14.00. Det var eit lite helikopter som tok oss til land.

Litt før helikopteret kom, heldt eg på å gi opp.

Me blei tatt med til sjukehus i Kalundborg. Eg hugsar lite av då eg kom dit. Det var eg

som var mest forkomen. Det første som blei gjort på sjukehuset, var at eg blei lagd i eit badekar for opptining. Viss eg ikkje pa hugsar feil, var kroppstemperaturen på 32 -33 grader. Begge føtene var akkurat som frosen fisk. Det var vondt når dei skulle få liv i beina. Me hadde ein dekksgut som heitte Tomas. Han var vel berre 16-17 år. Han var også ein del forkomen.

Redningsaksjonen foregjekk nord ved Stora Kalsøy, der båten gjekk ned.

Forliset blei slått stort opp i svenske aviser. På sjukehuset hadde me det godt. Me var der vel eitt døgn. Me var ute i ein stor forretning

for å kle oss opp. Me fekk gratis klær av beste sort. Kona mi fekk høyra i radioen kl. 12.30 at "Joselin" var gått ned i Østersjøen og at redningsaksjonen var undervegs. Det blei ikkje opplyst om nokon var blitt redda. Ho ringde til Jakob Larsen og fekk der hjelp til å ringa rederiet. Der vart det opplyst at alle var redda.

Årsaka til forliset kom ikkje fram i sjøforklarings. Det einaste eg kan tenkja meg er at me hadde gått så lenge i tjukk is, at det kunne ha blitt sprekker i skutesida på styrbord side over tanktoppen.

Eg var sjukemeld i eit par månader. Så bar det ut igjen i same rederi!

Hilmar Svendsen

TIL BOKN BYGDEBLAD

Jeg vil med dette få rette en takk til de boknerane som har vært innom oss på Arskroen.

Det har for oss vært en hektisk og spennende tid. Som de fleste har sett, har det vært et godt innrykk av gjester hos oss. Det har vært en stor del av de reisende som har vært innom, men også en stor del besökende fra de nærliggende kommuner. Vi har også hatt en del langveisfarende gjester som tok turen til Bokn for å se

det nye anlegget i Arsvågen. Det har vist seg at en stor del av disse gjestene har tatt turen tilbake igjen, for å benytte de mulighetene som naturen og fiskemulighetene i Bokn gir. Dette bør en vel ta som positivt for en videre utvikling av turisme til Bokn. Havet er stort, og om hyttefolk eller turister får en større torsk enn det en selv har fått, bør en vel ikke surmule slik at folk hverken føler seg velkommen på eller rundt Bokn.

Velkommen til Arskroen

Arsvågen den 24.9.91

Finn

HAUSTJAKTA

Første del av haustjakta blei avslutta den 25. september. Det er nå ein pause fram til midten av oktober. Då tar siste del av jaktsesongen til. Til nå er 4 hjortar skotne. I

alt er det fellingsløyve på 14.

Nytt av året er at eit jaktoppsyn vil undersøkja at jakta går fint føre seg. Det vil seia at papir er i orden og at ein skyt dei rette dyra.

SEPTEMBER OG RØDE KORS - AKTIVITET

Når september og hausten kjem, set Røde Kors-foreninga over heile landet igong med si september-veke, for å spreia informasjon om Røde Kors sitt arbeid ute og heime og for å få inntekter til å driva arbeidet sitt.

Å laga til ein utandørs grillfest på Bokn i september er ganske risikabelt, og onsdag 11.september kom òg med mykje vind og mykje kulde. Men ved Røde Kors-brakkene attmed barnehagen blei grillen tent og ungar kom det iallefall. Medan foreldra sat og hutra og prøvde å varma blåfrosne fingrar på kaffikoppen, kosa ungane seg med brus og pølser, og køen var lang for å få hiva sokkvåte svamper i fjeset på Jon Andreas! Kø var det og til boksekastinga, det er alltid populært, men etter å ha vore med på mange 17.-maifeiringar er boksane modne for utskifting, så alle som brukar Viking-melk - ikkje **hiv** boksane, gi dei heller til skulekorpsset.

Kvelden etter hadde besökstenesta laga til fest for dei eldre på allrommet på Boknatun. Her var det kaffi og kaker, allsang og utlodning av kransekake m.m., og med visning av kongefilmen blei gode minne frå den fine junidagen då kongen og kronprinsen vitja Bokn friska opp att.

Lørdag 14.september var det mannekengoppvisning på skulen som sto på programmet. Mange på Bokn har lært seg å dansa swing dei siste åra og dansegleda er stor også blant dei yngste boknerane. Til fengande "Let's twist again" gav barneswinggruppa oss ei flott oppvisning på scenen først, desse flinke danserane får me sikkert sjå igjen på andre arrangement!

Fire av butikkane i Aksdal-senteret viste så boknerane kva dei hadde å by på av haust-motar i år. Mannekengane var ifrå Bokn og dei var kjempeflinke alle som ein!

Mona og Anita frå Hårfixen Studio jobba i fleire timer med å frisera mannekengane, og det var nok temmeleg hektisk i frisørsalongen i Vigabakkjen når nærare 20 små og store innfant seg på ein gong!

Og så var forestillinga i gong. Sofie og Ruben sjarmerte oss likegodi i senk med ein gong der dei kom gåande nedover golvet hand i hand og med kvar sin mjuk Bamse under armen, og dei andre fortsette: stilige damer i draktar og strekkbukser og flotte sko, tøffe ungar i joggedressar og basket-sko, flotte selskapskjolar, klær til diskotek-bruk og behagelege kvardagsantrekk blei viste fram for oss av sjærmerande mannekengar. Skikkeleg artig var det!

Til slutt i mannekengoppvisninga kjem alltid brudeparet, og flottare brudepar enn Julianne og Knut kan ikkje mange ha sett, her gav dei "Brudedøret" god reklame.

Utanom mannekengoppvisninga var det og tid til lynlotteri, minibasar og sal av kaffi og kaker, og litt av vitsen med slike tilstelningar er jo òg at folk skal treffast og få tid til ein prat. Ungar derimot likar ikkje å sitja stilt så altfor lenge, og når dei får vera med og køyra med både brannbilen og sjukebilen, då er det heilt topp. Spanande var det og å ha desse bilane på så nært hald og få sjå korleis dei såg ut inni! Tusen takk til Edvin og Jon Andreas som var sjåførar.

At Bokn er godt sjølforsynt med musikalske krefter er sikkert, og Anne Tove Øvrebø og Kaj Arne Christiansen er to gode representer i så måte. Melodiøst og vakkert framførte dei John Lennons fine "Imagine" til slutt.



SEPTEMBER OG RØDE KORS - AKTIVITET

Lørdag kveld blei septemberveka avslutta med 2-års jubileumsfest for medlemmer med venner, Rapido spelte når dei slapp til, det var antageleg svært mange medlemmer av damekoret tilstades denne kvelden som stemte i med allsang både titt og ofte, dette medførte igjen opprettelsen av eit mannskor, her burde absolutt Jardar vore og henta inn mange fine stemmer!

Bokn Røde Kors takkar alle som hjalp til med arrangementa, alle mannekengane som stilte så sporty opp og alle de som kom og var med.

Barneswinggruppa og mannekengoppvisninga blei filma av A & O Video, og alle som har lyst å kjøpa videokassetten (kr.120) kan henvenda seg til Armand Svendsen eller Olav Rossebø, tlf. 748637.

NORDSJØEN GIR MEST INNTEKT

Det er folk som arbeider i Nordsjøen som har høgast inntekt i Bokn. Skattelikninga for 1990 er for lengst utlagd, og dei 10 med høgast inntekt er:

Namn	Inntekt	Skatt
Ingvar Alvestad, offshore	587.500	306.800
Kleng M. Våga, disponent	370.000	170.300
Ole Øvrebø, offshore	350.800	163.900
Alf Alvestad, offshore	344.300	151.100
Magne Are, bonde	324.700	145.300
Geir T. Christiansen, offsh.	314.900	138.500
Nils B. Nilssen, offshore	304.100	135.600
Erling Sæbø, offshore	288.600	130.900
Martin Kro, offshore	286.700	128.100
Magne Alvestad, fiskar	250.700	122.200

FISKARAR, BØNDER OG PENSJONISTAR HAR HØGAST FORMUE

Magne Alvestad, fiskar	2.414.000
Tor Alvestad, fiskar/pensj.	1.828.000
Sverre Bryningsland, bonde/pensj.	1.197.000
Harald Nygård, mek.verkst.	1.186.000
Edvin Øvrebø, bonde	1.179.000
Sigwart Våga, bonde	1.127.000
Berge Lygre, sjømann/pensj.	1.048.000
Maud Alvestad, pensjonist	1.040.000
Mathias Grønnestad, bonde	1.038.000
Dagfinn Bokneberg, fiskar	1.025.000

HJARTE - KAR UNDERSØKINGA

Som tidlegare meldt vil Bokn få ei stor hjarte-kar undersøking frå 7.10. - 11.10. Dette er ei oppfylgjing av ei tilsvarende undersøkjing for nokre år sidan.

For Bokn sin del er alle innbyggjarar mellom 15 og 70 år innkalla, og ein vil seinare kunna samanlikna resultatet med denne undersøkinga med den for nokre år sidan for å sjå om det er endringar i helsetilstanden blant folk. I fylket elles er det berre 40 åringer som får denne undersøkinga, medan Bokn og

Utsira får undersøkt alle mellom 15 og 70 år. Undersøkinga omfattar måling av blodtrykk, måling av høgde og vekt, blodprøve og spørjeskjema som m.a. går på mosjon, røyking, arbeid, kosthald m.v.

Hjarte-kar undersøkinga er eineståande i verdens-samanhang, og resultata vil bli lagde fram på ein større internasjonal konferanse om hjarte-karsjukdomar i Oslo om eit år. Undersøkinga vil også danna grunnlag for det framtidige helsearbeidet.

Kommunehelsetjenesten + Statens helseundersøkelser

-PÅR I HJERTER

Sammen i kampen mot hjerte-karsykdommene

SPØRJEUNDERSØKING OM SOSIALE MILJØFAKTORAR

Seinare i haust vil det sannsynlegvis bli foretatt ei spørjeundersøking i Bokn kommune om sosiale miljøfaktorar.

Det er kommunehelsetenesta i samarbeid med Fylkeslegen og Senter for sosialt nettverk og helse (Sosialdepartementet) som vil gjennomføra undersøkinga. Utanom Bokn vil visse område av 3-4 andre kommunar ha liknande undersøking.

Det er Fylkeslegen som har midlar til disposisjon for denne undersøkinga, og ein av grunnane til at Bokn blir med er at ein før har mykje data om helsetilstanden til befolkninga gjennom hjarte-karundersøkinga. Ei undersøking av sosiale miljøfaktorar vil kunna komplettera dei opplysningane ein har frå før, og kunna gi verdfulle opplysningar til kva tiltak ein skal satsa på

for å betra det sosiale miljøet og den totale trivselen til innbyggjarane.

Moment som vert vektlagde i undersøkinga er m.a. lokalmiljø/naboskap, familierelasjonar, sosial deltaking, arbeid, helse, livsbelastningar, sjølfølse, livskalitet, problem i lokalmiljøet, forbruk av nytingsmiddel etc.

Skjemaene vil sannsynlegvis bli bearbeidd av Fylkeslegen sitt kontor, og alle er sjølsagt sikra full konfidensiell behandling. Når kommunehelsetenesta får resultata tilbake, vil det berre bli i form av opplysningar som ikkje kan tilbakeførast på einskildpersonar.

Ein håpar på at folk vil ta godt imot spørjeskjemaet, og at svarprosenten blir høg. Bygdabladet vil koma tilbake med meir informasjon før skjemaet vert utsent.

STOR HELGETRAFIKK I BOKNSAMBANDET

Dei som regelmessig tar turen til Arsvågen ferjeleie med helgene har nok oppdaga at trafikken hopar seg opp, særleg på sundagane.

Dei siste sundagane har det vore nokså mange som som har måtta vente både over ei og to ferjer før dei kom seg over fjorden til Mekjarvik.

Det har variert noko kor mange bilar som har stått att på ferjeleiet, men det har for ei vike sidan vore meir enn 160 bilar som har stått att på ferjeleiet når ferja har lagt frå kaien på ein avgang, elles har det dreid seg om oppimot 100 på andre avgangar.

Driftsleiar Torleif Frafjord i Rogaland Kystferjer bekreftar ovafor Bygdabladet at mange bilar må stå over, spesielt i helgene. Dette skuldast at ferja "Skutvik" berre tar ca. 60 bilar.

Frafjord opplyser vidare at ferja "Fjordveien" som går i Skudenessambandet har god plass, også på sundagane, og at selskapet har anledning til å setja "Fjordveien" inn i Boknsambandet dersom trafikken skulle tilseia dette.

HURTIGBÅTANE TIL ARE FRÅ 1. OKTOBER

Alt frå 1. oktober vil hurtigbåtane som går mellom Stavanger - Haugesund og Stavanger - Bergen ha Arsvågen som anløpsstad i Bokn i staden for Føresvik. Anløpstidspunkta i Arsvågen vil bli litt endra i høve til dei som var i Føresvik, og dette kan ein finna ut av ved oppslag og avertering i lokalavisene. Mange har sett at innkjøringstilhøva til

parkeringsplassane kan vera blokkerte når det er stor kø av bilar ved billettbuene. Ved Vegkontoret i Haugesund seier Rune Sandven til Bygdabladet at dei har tenkt å åpna for avkjøring frå riksvegen til den gamle Arsvegen litt lengre nord der dei to vegane går nært kvarandre. Ved stor kø til billettbuene kan folk som t.d. skal reisa med hurtigbåt kjøra av der for å koma fram til parkeringsplassane.

ET NYTT
LIV



TV-AKSJONEN
13. OKTOBER
1991

**HER ER
SPARIUS,
BARNAS NYE
SPAREVENN!**



**Nå er det blitt megakuult å spare for alle
barn på Sør-Vestlandet. Sparius vil lære
fra seg gode, nyttige sparevaner.**

**Du kan spørre etter Sparius i
alle kontorene til SR-BANK.**



Sommardikt laga av 2. klasse.

Sommaren er:

Bada,
Ut på fisketur.
Båttur.
Sykkeltur
Sola seg
Byggje hytte
Sommarfugl
Busstur.

Ellen Elise Ognøy.

Sommaren er ferie
ut å reisa
Bada og sola seg.

Cecilie Larsen.

Sommaren er
Bada
Springa
Fiska
Byggje hytte
Plokka blomster
grilla

Elise Marie Tollaksen.

Sommaren er
Å sykkla
Åreisa til Skien på tur
Å bada.

Nina Alvestad.

Sommaren er
ut og bada
ut og fiska
og den solar seg
og den kjøper is
og det er alt.

Monica Lindanger.

Sommaren er
Ferie
Ut å fiska
Å bade
Byggje hytte
Topp båttur
Fin sykkeltur
Sola seg

Kirstin Hosaas.

Sommaren er
Ut å fiska
Makrel å sei til middag er godt
Sommaren er fin på ei palmeøy

Susanne Grønnestad.

Sommaren er
fint ver
reisa på tur
ut og fiska

Tor Inge Sæbø.

Sommaren er
ut å fiska
bada
sykkeltur
båttur
ferie
sola seg
sommarfugl
bygja hytte
busstur

Hanna Aksdal.


SØKE-JOBB-KURS

Er du arbeidsledig?

Arbeidskontoret for Karmøy og
Bokn i samarbeid med Bokn
kommune vil fredag den
15.november arrangera eit
såkalla søker-jobb-kurs i
Bokn. Her vil

Arbeidsformidlinga orientera
om den service dei kan gi til
folk som ynskjer arbeid, og
rettleia om korleis ein går
fram når ein søker arbeid
m.v.

Nærare opplysningar i neste
bygdablad.



BIBLIOTEKET - gratis å spørje gratis å få svar

OPNINGSTIDER:

**TIRSDAG: 10 - 13.30
ONSDAG : 16 - 19.00
TORSDAG: 10 - 13.30**

LES NOE :

**Fra
første stund**

Fantastisk

Skrekkelig

Spennende

VAKSNE

Clark, Mary Higgins:
Anastasia syndromet

Vik. Bjørg:
Poplene på St. Hanshaugen

Sheldon, Sidney:
Ut av mørket

Allende, Isabel:
Om kjærlighet og skygge

Forsyth; Fredrick:
Dobbeltspill

BARN OG UNGDOM

Cormier, Robert:
-Og katten tok en mus

Lian, Torun:
Frida - med hjertet i hånden

Barnas faktabøker -
Livet før oss

Meddaugh, Susan:
Fugle treet

Goodall, Jane.
Sjimpansefamilien

KJÆRE BOKVENNER

SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,
KANSJE DU HAR BØKER DU
SKULLE VORE ATTENDE MED ?

BOKN SKULEKORPS

ASPIRANTAR

KORPSET TRENG FLEIRE
MEDLEMMER !!

ME TAR OPP BÅDE DRILL-
ASPIRANTAR/MESSING-
ASPIRANTAR OG TROMME-
ASPIRANTAR.

KVEN SOM HELST KAN
BYRJA PÅ EIT MESSING-
INSTRUMENT ELLER SLA
TROMMER, MEDAN DRILLEN
TAR OPP JENTER I 1., 2.
ELLER 3. KLASSE.



ASPIRANTUNDERVISNINGA
VARER I 1 ÅR OG ER
GRATIS !

DU KAN MELDA DEG PÅ
HOS INGJERD ELLER JARDAR
PÅ SKULEN.

Lyst til å spela gitar ?

Musikkkulen har no eit tilbod på torsdagar kl. 14.00 - 15.00 på skulen.

Du vel sjølv om du vil spela til akkordar eller etter noter.

Det er også mogleg å få undervisning på elektrisk gitar.

Interesserte tar kontakt med Jardar.

NEI TIL EF

NEI TIL EF I BOKN GJENNOMFØRER VERVEKAMPAÑJE I BOKN FRÅ 7.-12. OKTOBER.

TA VEL IMOT VERVARANE FORDI:

- Det er inga framtid i for distriktsnorge i EF.
- Miljøproblema vert ikkje tekne på alvor i EF.
- Vi vil ha folkestyre framfor elitestyre.
- Nei til EF seier ja til norsk sjølvråderett.
- Vi må ta vare på livsstandarden vår.
- Nei til EF seier ja til heile verda.

Nei til EF i Bokn

SJØHUSEIENDOM/SJØHUSTOMT

Med tanke på etablering av service- og næringsvirksomhet i Bokn kommune søker vi etter sjøhuseiendom eller sjøhus-tomt.

Størrelse og forfatning har liten betydning.



Henv. til A/S MARIN ELEKTRO tlf. 85 01 99

Autorisert elektroinstallatør - Autorisert oljefyrinstallatør - Elektrokonsulent

Telefon (04) 85 01 99 - Telefax (04) 85 31 40 - 4250 Kopervik
Bankgiro nr. 3340.07.83050

ARSKROEN KIOSK OG KAFÉ

Vi serverer middag hver dag.

Til middagen kan du få kokte poteter eller chips.
Vi serverer middager som kjøttkaker, fårikål, kjøttsuppe, biff, oksesteik, svinesteik, snitzel, kylling m.m.

Hver torsdag har vi saltkjøtt og komler.

Vi har en velfylt smørbrøddisk, horn, rundstykker og kaker.

Fra 1.oktober tar vi imot bestillinger på levering av smørbrød.

Ring Arskroen - tlf. 74 86 88

Hilsen Finn



BOKN KOMMUNE

BUSTØNAD FOR MINSTEPENSJONISTAR

Bokn kommune har midlar til reduksjon av buutgifter for pensjonistar. Midlane skal fordelast etter desse vilkåra:

Søkjaren må:

- Vera aldrers- uføre- eller attlevande pensjonist.
- Ikkje ha andre inntekter enn summen av minstepensjonen i folketrygda + eventuelle mindre tillegg, eller anna inntekt/pensjon som overstig denne summen.
- Ha buutgifter som overstig 15% av inntekta. Buutgifter omfattar husleige, avdrag og renter på bustadlån, kommunale avgifter, lys og brensel o.l.

SØKNADSFRIST: 15. OKTOBER 1991

Søknadsskjema og nærmare opplysningar får ein ved å veda seg til sosialkontoret, tlf. 74 85 00.

RIKSKONSERTENE

**UNGDOMMENS
KULTURMØNSTRING 1991-92**



Interesserte melder seg til Olav Rossebø innen 20.10.91.

A&O
VIDEO

VJ SKAFFER:

- Alt innen video og TV.
- Stereoanlegg
- Antenner
- Videokassetter

VJ FILMER:

- For private
- For Bedrifter
- For organisasjoner

I tillegg har vi en mengde andre tjenester som vi kan tilby; som f.eks.-Redigering -Kopiering -Overspilling- av 8mm film Ring Olav eller Armand for nærmere avtale.

TELEFON 74 86 37 alle dager.

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 Føresvik
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300
Halv side: kr. 150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50

Små privatannonser: kr. 10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

BASAR

Sjømannsmisjonen har basar på Bokn bedehus onsdag den 2. oktober kl. 19.30.
Tale av Knut Skårlund.
Kaffi og mat - alle velkomne.

GUDSTENESTE

6. oktober: Hausttakkefest
(vanleg dagtid).
20. oktober: Gudsteneste
(vanleg dagtid).

KYRKJEBYGD SUNDAGSSKULE
27. oktober kl. 14.00
10. november kl. 14.00
24. november kl. 14.00
8. desember kl. 14.00

DANS

19. oktober på Bokn skule.
Countrybandet "Grandma's Feather Band".
Arr: Bokn Brass.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 14. oktober.

Påmelding til sosialkontoret,
tlf. 74 85 00.

MISTA

Polaroid solbriller i rødt etui mista på strekn. Bokn bedehus - Alvestadkroken.
tlf. 74 84 47

ET NYTT LIV



TV-aksjonen 1991

Sundag den 13. oktober går TV-aksjonen ET NYTT LIV av stabelen. I Bokn er det i år speidarane som skal ta seg av den praktiske delen med innsamlinga.

Aksjonen vil her starta frå kl. 14.00, og bøsseberarane vil oppsøkja alle husstandane.

Dei innsamla midlane skal i år gå til funksjonshemma i u-land.

TV-AKSJONEN
13. OKTOBER
1991